



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/134 - 17/14969

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

14.07.2017

Høyring - GBNR 9/31 - Søknad om dispensasjon for etablering av veg - Mjukebakkane

Saka gjeld:

Meland Bolig AS har søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for etablering av vegtilkomst til gbnr. 9/31.

Tilkomsten er vist på vedlagte kart.

Planstatus:

I Reguleringsplan for Mongsedalen/Mjukebakkane, planid: 125620010502, er det omsøkte arealet satt av til friområde, og planføresegn 8 legg til grunn at området skal oppretthaldast i sin naturlege tilstand. Eksisterande tre og vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

Etablering av veg fram til gbnr. 9/31 er ikkje eit tiltak som kan godkjennast i samsvar med arealformålet friområde. Det er difor søkt om dispensasjon. Etablering av veg som omsøkt vil vere ei vidareføring av tidlegare godkjent veg over friområdet fram til gbnr. 9/36.

Søknad om dispensasjon:

Det er søkt om dispensasjon frå arealformålet friområde, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Dispensasjon:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak reglane det vert søkt dispensasjon frå, og frå plan- og bygningslova § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-5 tredje ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedrørende delingssøknad Mjukebakkane 8 gnr 9 bnr 31
Kart

Kopi til:

Meland Bolig AS

c/o Arne Rossnes 5918
Vestbygdvegen
129

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

5020
5020

BERGEN
BERGEN